



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Kviteseid 18. oktober 2018

Referat frå styremøte onsdag 17. oktober 2018 kl. 1800

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)
Oddvar Hægeland (2017-2018)
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)
Øystein Kvamme (2018-2019)
Mari Songe (2018-2019)

Opning ved Oddvar som reflekterte over Apg. 17.

Sak 24/18: Godkjenning av referat frå styremøte 22. august 2018
Referatet blei gått gjennom og godkjent.

Sak 25/18: Eventuell støtte av fredagsklubbarbeidar
Styret samtalte om saka. Det er slik at vi allereie støttar Fredagsklubben med både dugnadsinnsats og 10 000 kroner i året. Vi er takksame for tilsettinga som Fredheim har gjort av borne- og ungdomsarbeidar, men finn ikkje rom for å støtte meir økonomisk enn det vi gjer no. Vi må også sjå kva vi gjer med engasjementstillinga til Åsbjørg som går ut neste sommar. Viss stillinga blir vidareført, kan det bli aktuelt av delar av ho blir innretta mot ma. Fredagsklubben.

Sak 26/18: Resultat av undersøking rundt møteverksemda vår
Øystein orientert om resultatet. Det viser seg at halvparten ønska litt fleire møtetypar som t.d. bibeltimar. Det var også nokre kommentarar om evt. å justere organiseringa av sundagstreffa. Ingen ønska husgrupper eller bibelgrupper. Styret vedtok difor at vi ikkje startar opp slike grupper no i haust.

Sak 27/18: Justeringar av møteplanen
Sjå sak over (sak 26/18). Det blir ingen endringar no i haust.

Sak 28/18: Utleige av Betel til Kviteseid skule
Kviteseid skule har bestemt at det blir brakkerigg slik at dette er ei sak som ikkje er aktuell lenger.

Sak 29/18: Eventuelt og info

- Fellesmøte 2019. Leige av lokale
Betel har ansvar for lokale og teknikk. Styret vedtok at vi spør om å få leige kyrkja og også leige teknikk (forslag om Hosum). Oddvar foretar ein formell førespurnad til kyrkjevevja og spør om teknikk.

- Felles familiemøte 27/1 kl. 1600: Kven kan leie/ha barneandakt? Vi treng to som ordnar til på førehand og to som riggar ned på etterhand. Styret gav nokre tips til Ane om dette.
- Info frå Sigrun
 - Misjonskirken Norge har kome med nytt lønsregulativ. Dette har ikkje betydning for lønnsfastsettinga til Åsbjørg.
 - Felles joletefest: Styret er positive til at vi som kyrkje deltek og bidrar til festen.
- Saker frå Åsbjørg:
 - Plakat om tilbodet på Betel. Ønskeleg å bruke? Då treng vi 2-3 namn som kan stå på slippene. Styret vil gjerne at vi går for plakaten. Sigrun og Oddvar kan stå på plakaten. Oddvar spør også Gunnhild om ho kan stå på han. Styret ønsker logoen vår på plakaten.
 - Levende-tru bokhylle
Styret gikk inn for ei slik bokhylle og ber Åsbjørg om å skaffe ei og organisere måten.
 - Orientering om TenTro. Styret er glad for orienteringa og takkar Åsbjørg for arbeidet ho gjer.

Neste styremøte er onsdag 12.12 kl. 19. Saker kan meldast til Oddvar innan ei veke før.

Oddvar Hægeland, sekretær